

# Innlegg møte med Fylkesmannen 31. oktober 2017

## Agenda for møtet:

Kl. 08.30 til 08.45	Innleiing v/ fylkesmann Lodve Solholm
Kl. 08.45 til 09.30	Utgreiingsprosess v/ seniorrådgivarar Frida Farstad Brevik og Vigdis Rotlid Vestad
<b>Kl. 09.30 til 09.45</b>	Innlegg frå søkerar
Kl. 09.45 til 10.00	Innlegg frå Norddal kommune v/ordførar Arne Sandnes
Kl. 10.00 til 10.30	Oppsummering

## Innlegg frå søkerar

Del I Innleiing ved Merete Løvoll Rønneberg

### A. Presentasjon

- a. Merete og Else Ragni – representerer to av dei fire som sit i arbeidsgruppa som står bak grensejusteringssøknaden. Gruppa vart valt på bygdemøte for dei to bygdene Eidsdal og Norddal.
- B. Vi vel å gå til kjerna i saka. Etterpå leggje fram ein del sentral bakgrunnsinformasjon ut frå arbeidet som har vore gjort fram mot grensejusteringssøknaden.
  - a. **Grensejusteringssøknad** – eit klart fleirtal av innbyggjarane i Eidsdal og Norddal står bak søknaden.
  - b. Fullt merksame på at **møtet i dag** er knytt til **grensejusteringssaka**.
  - c. MEN: Primært burde dette vore ei sak om **samanslåing av tre kommunar** (Norddal og Stranda + svært gjerne Stordal). DETTE er det **grunnleggande ynskje til** i alle fall folket i dei to bygdene.
    - i. Fullstendig klar over, og forventar IKKJE, at to bygder skal avgjere for tre heile kommunar. SJØLVSAGT!
    - ii. MEN: Slik denne prosessen har blitt rigga – har ikkje folket fått moglegheit til å seie meininga si i det heile om dette alternativet – trass i klare oppmodingar på 4 av 5 bygdemøte i Norddal: DET ER VI STERKT KRITISKE TIL!
  - d. Slik det vart: – viktig for oss/våre bygder å sjå framover – kva er mest framtidsretta for oss: Følgjande ting har kome tydeleg fram:
    - i. **Viktig å vere saman med Geiranger**
      1. geografisk heilt naturleg
      2. kulturelt og idrettsleg samarbeid
      3. felles arbeidsmarknad

4. potensiale for utvikling og vekst gjennom samarbeid, kjerneområde: landbruk, reiseliv, verdsarv
- ii. **PÅ tide å prøve noko nytt – fungerer ikkje slik det er – misnøye med korleis Norddal kommune fordeler gode og byrder**
- iii. **Tru på å byggje ein sterkare indre konstellasjon – helst saman alle tre kommunar, men dersom dette IKKJE er aktuelt:**  
**Større tru på å vere i Stranda kommune enn i Norddal (Fjord)**

#### MINNE OM INTENSIJONEN MED KOMMUNEREFORMEN:

- iv. **Intensijsjonen med kommunereforma** – viktig grunnlag
  1. *Gode og likeverdige tenester*
  2. *Heilskapleg og samordna samfunnsutvikling*
  3. *Berekraftige og økonomisk robuste kommunar*
  4. *Styrka lokaldemokrati*

#### Inndelingslova      § 1.*Formål*

Formålet med denne lova er å leggje til rette for ei kommune- og fylkesinndeling som innafor ramma av det nasjonale fellesskap kan sikre eit funksjonsdyktig lokalt folkestyre og ei effektiv lokalforvaltning. Endringar i kommune- eller fylkesinndelinga bør medverke til å skape formålstenlege eininger som kan gi innbyggjarane og næringslivet tilfredsstillande tenester og forvaltning. Verksemda etter denne lova skal byggje på prinsippet om lokal medverknad og initiativrett til grenseendringar.

#### Ut frå vår ståstad:

- Norddal/Fjord vert diverre for smått – ikkje levedyktig
- Norddal: ca. 36 interkommunale samarbeid i dag – svært mykje av dette vil måtte kjøpast av Ålesund
  - Vert neppe «billigsal»
  - Arbeidsplassane vert ikkje lagt til nye Fjord kommune
- «Fryktar» at på sikt vert det Ålesund (NB: Ikkje tru på at våre interesser vert best ivaretakne i ein slik konstellasjon)
  - Vi ynskjer IKKJE det – vi blir svært små, utkant, vil fort tape i kampen om godene, sentralisering.

- Betre å vere i ein litt større kommune – meir levedyktig, sterkare næringsstruktur, betre i stand til sjølv å ordne ut med fleire kommunale tenester.
- Skulle ynskje ein i fellesskap kunne bygge ein sterk indre kommune – MEN: vanskeleg dersom ein politisk ikkje ynskjer å høyre kva folket verkeleg meiner...

## **Avslutningsvis**

### **Forventingar**

- Ta signala frå innbyggjarane på alvor
- Gode og demokratiske prosessar
- Vi forventar å vere tett kopla på heile vegen
- Ev. ny avrøysting – viktig å få fram kva folk primært vil – ikkje berre ja/nei til grensejustering

DEL II        Presentasjon v/Else Ragni Yttredal  
(Sjå eige dokumnet)